

Rekneskapen til Grotlekyrkjene

Den eldste rekneskapen som finst frå Grotlekyrkjene er frå 1631 - 1632. Den viser at inntektene m.a. var bygselavgifter av jordeigedommane til kyrkja. På den tida åtte kyrkja fire gardar; Førde, Grotle, Nødset og Igland.

Andre inntekter til kyrkja var betaling for gravplassar under kyrkja. Dei som hadde midlar til det, kunne kjøpe seg ein slik plass. Dei betalte både med pengar og med naturalia. På 1700-talet var det faste takstar i Danmark/Noreg for å bli gravlagt under kyrkjegolvet. For ein plass under koret var prisen seks riksdalar, under midtgangen fire riksdalar, og under stolane i kyrkja to riksdalar.

Vi veit ikkje sikkert kor vanleg det var at folk vart gravlagde under kyrkjegolvet på Grotle. Men i rapporten etter synfaringa av Grotle kyrkje i 1686, går det fram at både soknepresten og kyrkjevevja vart bedne om å passe på at «almuen» ikkje braut opp kyrkjegolvet for å gravlegge lik der, utan at dei og betalte kyrkja det som dei skulle ha etter «Kongelig Forordning». Så truleg var ein slik praksis ikkje heilt uvanleg her heller. I 1805 vart denne skikken forboden i Danmark/Noreg.

Det var og vanleg her i området å betale kyrkja i form av kyr. Kyrne vart kalla «kirkekør». Kyrkja leigde ut desse kyrne for betaling og på det meste kunne kyrkja ha opptil 25 kyr ute på leige.

Største inntektene kom likevel frå tiende som folket måtte gje til kyrkja. Tienden vart rekna ut frå kva dei hadde av fiskefangst og landbruksprodukt. Denne inntekta kunne difor variere frå år til år etter korleis fisket og avlingane slo ut. Kyrkja fekk utanom dette og inn frivillige gåver.

Kyrkja sine inntekter gjekk til å dekke utgifter til vedlikehald av kyrkjebygget, men og til å kjøpe mellom anna brød, vin og talglys. Løn til presten og til prosten når han kom på visitas, og løn til klokkar og kyrkjetenar måtte og betalast. Det hende og at kyrkjene i Noreg vart pålagde å betale ei avgift til utstyret når ei dansk prinsesse skulle gifte seg. (Jmf. Danmark/Noreg unionen 1537-1814).